



**FORUM FOR OPPVEKST  
I SUNNHORDLAND**

FOS

# ÅRSMELDING

2017 – 2018



*Elevar frå Sveio skule på tur i nærmiljøet.*

*Foto:: Sveio skule*

## 1.0 ORGANISASJON

### 1.1 STYRINGSGRUPPA

| <b>FASTE MEDLEMMER:</b>                                  |
|--|
| <b>Mariann Jacobsen Hilt, Stord</b>                      |
| <b>Anne Sofie Bjelland Kjeka, Kvinnherad – nestleiar</b> |
| <b>Solfrid Lier Habbestad, Sveio</b>                     |
| <b>John Karsten Raunholm, Fitjar,</b>                    |
| <b>Hilde Aartun Haraldseide, Etne, leiar</b>             |
| <b>Bjørn Håvard Bjørklund, Bømlo</b>                     |

| <b>MØTER VISS SAKER/ELLER ETTER AVTALE:</b>                              |
|--|
| <b>Gunnhild Staupe, leiar Barnehagegruppa</b>                            |
| <b>Mone Nilsen, leiar Grunnskulegruppa</b>                               |
| <b>Bente Hovland Bergtun, PPT leiarforum</b>                             |
| <b>Eva Bendiksen, Fylkesmannen i Hordaland</b>                           |
| <b>Hanne Melander, Fylkesmannen i Hordaland</b>                          |
| <b>Sissel Øverdal, Hordaland fylke/vidaregåande skule i Sunnhordland</b> |
| <b>Sigurd Sandvold, HVL</b>  |

Styringsgruppa har dette skuleåret hatt i alt 11 møter og handsama 59 saker. I tal møte, inngår og fellesmøte alle leiarfora fredag 9.2 der Fylkesmannen sine folk deltok. I vårhalvåret har vi hatt eitt ekstramøte grunna mange avklaringar rundt ny ordning for desentralisert kompetanseutvikling.

Viktige saker elles:

- Leiarkonferansen med alle målgrupper samla
- BTI
- Kompetanseutvikling for alle målgrupper
- Ny rammeplan for barnehagen
- Endringar i barnehagelova
- Kulturskulen – ny rammeplan og rettleiing av tilsette i kulturskulen
- Kap 9A i opplæringslova – skolemiljø
- Eit inkluderande barnehage- og skolemiljø
- Ny modell for desentralisert kompetanseutvikling – Førebuing og felles planlegging med NLA
- Erfaringsutveksling - læringsøkter

## 1.2 GRUNNSKULEGRUPPA

| MEDLEMMER :                    |
|--------------------------------|
| Dagfinn Garnes- Johnsen, Etne, |
| Kristine Sætre , Bømlo,        |
| Trude Aamot, Stord             |
| Heidi A. Solheim , Kvinnherad  |
| Mone Nilsen, Fitjar, leiar     |
| Petter Steen jr., Sveio        |

Grunnskulegruppa har hatt 8 møter og behandla 37 saker. I tillegg deltok gruppa på felles leiarforum 9.2. Det har vore totalt 3 fellessamlingar med barnehagegruppa, der «inkluderande bhg- og skulemiljø» har vore tema.

Av viktige saker kan nemnast:

- Kurs/kompetanseutvikling /lærande nettverk
- Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Erfaringsutveksling –læringsøkter.
- Pedagogisk bruk av IKT

Tema for læringsøktene har m.a. vore:

- Vurdering i praktisk/estetiske fag.
- Val av maskinar til 1:1-ordning på skulane.
- Planarbeid.

### 1.2.1 Undergruppe - Eksamensgruppa

Medlemmer :

Kjellaug Arnevik, Bømlo, Thor Gunnar Bakke, Fitjar, Kari H. Agasøster, Stord, Erling Askeland, Etne, Lene Lier, Sveio, Linda Dale Heimstad, Kvinnherad og Bjørn Tore Enerstvedt FOS.

Gruppa arbeider med ymse spørsmål kring lokalt gitt eksamen, inkl. evaluering. Eitt møte i haust, og eitt i vår.

### 1.2.2 Undergruppe - Utdanningsvalgruppa

Medlemmer:

Randi Totland, Bømlo, Gunhild Walde, (Bømlo vg skule) , Elin Britt Sæ, Sveio og Bjørn Tore Enerstvedt, FOS.

Gruppa har ikkje hatt møte i skuleåret 2017-18.

## 1.3 BARNEHAGEGRUPPA

| MEDLEMMER :                     |
|---------------------------------|
| Mone Nilsen, Fitjar             |
| Astri Måkestad, Kvinnherad.     |
| Ragnhild Storebø, Stord,        |
| Dagfinn Garnes-Johnsen, Etne    |
| Gunnhild Staupe, Sveio , leiar  |
| Kristin Skare, Bømlo, nestleiar |

Barnehagegruppa har hatt 8 møter og handsama 37 saker. Gruppa starta året med ei tredagars samling i Alicante, kor det vart jobba med revidering av tilsynsverktyet.

Det har vore totalt 3 fellessamlingar med barnehagegruppa, der «inkluderande bhg- og skulemiljø» har vore tema.

Cathrine Bjelland Eriksen og Liv Åse Hagland frå HVL har deltatt på nokre av møta våre og bidrige til eit tettare og meir positivt samarbeid med den lokale høgskulen.

Av viktige saker kan nemnast:

- Kurs/kompetanseheving/ leiarkonferansen februar 2018
- Tilsyn – revisjon av verktøyet
- Implementering av ny rammeplan.
- Lærande nettverk – vera saman og spes.ped
- Høyring – endringar i barnehagelova
- Erfaringsutveksling –læringsøkter.

Tema for læringsøktene har m.a. vore:

- §19g i barnehagelova
- §18 – oppdatering av tilsynsverktøyet.

Erfaringsutvekslingsdelen og læringsøktene er sers viktige element i møta – her får gruppa kompetanse dei kan ta med tilbake til sine kommunar. Det må elles leggjast til at medlemmene i gruppa har mykje uformell kontakt utover møta – hyppige e-postar med gode faglege råd i utfordrande saker er eit eksempel på god delingskultur.

### *1.3.1 Undergruppe - Tilsynsgruppa.*

Medlemmer (utanom barnehagegruppa):

Heidi Nyrud Uppheim, Laila Herheim og Åsta Johnsen, Kvinnherad, Lise Ingebrigtsen og Olaug Lodden, Sveio, Mone Nilsen og Torunn Årskog, Fitjar, Ragnhild Storebø, Anita Borevik, Inger Vik Framnes, Trine Hellesfjord, Anne Marie Berentsen og Hildebjørg Røssberg, Stord, Aud Gunn Løklingholm og Kristin Skare, Bømlo, Torhild Molland og Dagfinn G. Johnsen, Etne.

Det er medlemmer av denne gruppa som gjennomfører det interkommunale tilsynet på vegne av medlemskommunane. Tilsynsgruppa har hatt 11 tilsyn dette året.

## **1.4 LEIARFORUM PPT**

Leiarforum består i praksis av PP-leiarane i Bømlo, Kvinnherad og Stord/Fitjar. Gruppa har hatt eitt møte dette året. Deltakarane har vore: Bente Hovland Bergtun, Bømlo, Kjell Stien, Kvinnherad Jannecke Fjeldtvedt, Stord/Fitjar, Astrid Kleppe, Sveio/Hgsd/Utsira.

PP-leiar frå Etne har ikkje deltatt, då ho har felles kontor med kommunar i Rogaland og har deltatt i Haugalandsløftet.

Gjennom samarbeidsavtalen med Statped har vi hatt 2 samlingar med tema «ASK» - *Alternativ og supplerande kommunikasjon».*

FOS og Statped har ikkje hatt aktivitetsplan for våren 2018. Avtalen med Statped blir evaluert ein gong i året og held fram til han blir sagt opp. Nytt møte med Statped er planlagt hausten 2018.

## 1.5 KULTURSKULEGRUPPA

| MEDLEMMER :  |
|--|
| <b>Håvard Kroka, Fitjar</b>                                      |
| <b>Kirill Zimin, Kvinnherad</b>                                  |
| <b>Anne Lene Østvold Jordåen, Stord - leiar,</b>                 |
| <b>Nils Halleland, Etne – Liv Kari Bødtker f.o.m. våren 2018</b> |
| <b>Pål Jøsok, Sveio</b>  |
| <b>Stein Høyland, Børmlø,</b>                                    |

Austevoll og Tysnes møter og i kulturskulegruppa (høyrer til Midhordland). Det har vore jamt og godt oppmøte frå deltakarane i gruppa. Kulturskulegruppa har hatt 4 møte og behandla 17 saker.

Av viktige saker kan nemnast:

- Evaluering av rettleiingssamlingane
- Erfaringsutveksling
- Lokale læreplanar
- Inkludering
- Planlegging av felles kursdagar
- Øyo-seminaret
- Dei unges festspeldag

Kulturskulane har dette året vore med i eit statleg utviklingsprosjekt der målet m.a. er å sikra gode prosessar knytt til implementering av ny rammeplan for kulturskulen. Totalt 4 samlingar med kulturskulerådet i skuleåret 17/18.

## 1.6 TILTAK

### 1.6.a Rutinetiltak

Gjeld Styringsgruppa og alle undergrupper:

Kortinger: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G=grunnskulegruppa PPT=Leiarforum PPT, VO= Vaksenopplæringsgruppa K= kulturskulegruppa

| Nr | Tekst   | Ansvar             | Kommentar   | Gjennomført ja/nei   |
|----|---|--------------------|---|--|
| 1  | Tilsyn  | B                  | Revidera verktøy, organisera, gjennomføra og følgja opp. Opplæring av nye tilsynsførarar om nødvendig.            | Ja – 11 tilsyn.  |
| 2  | Kompetanseutvikling inkl. lærande nettverk, workshops m.m | S/B/G/P<br>PT/K/VO | Initiera og gjennomføra etter- og vidareutdanning.  | Ja- berre etterutdanning sjå detaljar nedanfor                         |
| 4  | Munnleg eksamen   | G                  | Organisera ME i regionen. Eiga eksamensgruppe jobbar med forbetring av instruks og kurs/workshop.                 | Ja, 108 sensorar tildelt. Vi nyttar 3 eksamensdagar.                   |
| 5  | «Eg vil byggja meg ein båt»                               | G                  | Følgja opp DKS-prosjektet i regionen. Alle kommunane får nå tilbod kvart år. Eigen avtale med Sunnhordland museum | Ja, nokre utsett til hausten. Avtalen med SM må fornyast hausten 2018. |
| 6  | Hospitering   | G                  | Samarbeid med Senter for Yrkesrettleiing (SYR) og dei vg skulane.   | Ja, Kvinnherad, Etne og Sveio har eigne opplegg.                       |
| 7  | Migrasjonsnettverk skule                                  | G                  | 2 samlingar planlagt – samarbeid med HVL om innleiing   | Nei.   |
| 9  | Barnehageeigarrolla                                       | B/S                | Dela og laga gode system- kvalitetssikring  | Ja   |
| 8  | Realkompetansevurdering                                   | VO/G               | Eiga plangruppe jobbar med malar og nettverk/kurs. Ekstern støtte frå FIH   | Nei.   |
| 12 | Fellesmøte alle leiarfora                                 | S                  | Til vanleg eitt fast møte i februar   | Ja, Fylkesmannen si utdanningsavdeling deltok.                         |
| 13 | Leiarsamlingar  | S/G/B              | Planleggja og gjennomføra ei leiarsamling for målgruppene pr. år  | Ja, 156 deltakarar   |
| 15 | Samarbeid med Sognregionen                                | S                  | Evaluering/oppfølging av intensjonsavtalen (sjå og p 3.3)   | Nei. Avtalen skal seiast opp.  |
| 16 | Samarbeid med HVL   | S                  | Evaluering/revidering av intensjonsavtalen. (sjå og p 3.2)  | Nei. Men Styringsgruppa har hatt møte med HVL.                         |
| 18 | Samarbeidsavtale med Statped                              | S/PPT              | Avtale om systembaserte tenester retta mot PP-tilsette. (sjå og p 3.7)  | Ja, bestemt at me ikkje legg opp til noko før hausten 2018.            |
| 14 | Ekstern rettleiing for kulturskulegruppa                  | S/K                | Støtta implementering av ny rammeplan i kulturskulane våre  | Ja. Totalt 4 rettleiingssamlingar.                                     |
| 15 | BTI- betre tverrfagleg innsats                            | S/B/G/P<br>PT      | Oppfølging og vidareutvikling, omfattar og kompetanseutvikling  | Ja. Kommunane er godt i gong med implementeringa.                      |
| 19 | Erfaringsutveksling                                       | S/B/S/P<br>PT/K    | Føregår på møta og via e-post/tlf. Læringsøkta på møta skal vera sentral.   | Ja.  |

## 1.6.b Nye tiltak

Kortingar: S= styringsgruppa, B= barnehagegruppa, G= grunnskulegruppa, PPT=Leiarforum PPT,  
VO= Vaksenopplæringsgruppa, K=Kulturskulegruppa

| Nr | Tekst  | Ansvar          | Kommentar  | Gjennomført ja/nei   |
|----|--|-----------------|--|--|
| 1  | Eit inkluderande barnehage- og skolemiljø        | S/B/G/P<br>PT/K | Organisera og iverksetja dette 2 årige prosjektet  | Ja. Erfaringsutveksling og deling av arbeid mellom kommunane.                            |
| 2  | Ny desentralisert modell for kompetanseutvikling | S/G             | Organisera og setja i verk modellen i praksis.   | Ja. Inngått samarbeidsavtale med NLA.<br>Grunnlagsdokument gir vidare føringar for 18/19 |
| 3  | Implementering av ny rammeplan for barnehagen    | B/S             | Gjennom fagkurs, nettverk og samlingar   | Ja.  |
| 4  | Arbeidslivsfaget – ei utfordring?                | G               | Samling/workshop   | Nei.   |
| 5  | Implementering av 9A                             | G/S/PPT         | Samling med fylkesmannen   | Ja. Samling 20.09.17   |
| 6  | Vurdering av studietur                           | G/S/B           | Besök i ein kommune som jobbar godt med tema vi er opptatt av , t.d. Malvik, Rissa, Steinkjer. Informasjon og etterarbeid. | Vurdert, men ikkje aktuelt dette året.   |
| 7  | Nye læreplanar – overordna del                   | S/G             | Førebuing av implementering av ny læreplan inkl fagfornying  | Ja, men kjem meir i 18/19  |
| 8  | Digitalisering                                   | S/G/B           | korleis møta den omfattande digitaliseringa som kjem   | Ja. Læringsøkt både om Ipad og Chromebook i undervisninga (berre skule)                  |
| 9  | FOS og vegen vidare                              | S               |  | Nei.   |

## 1.7 Faste rutinar/Samarbeidsfora

Vurdering av drifta i forhold til handlingsplanen:

- Fylkesmannen i Hordaland (Utdanningsavdelinga)

| Tiltak  | Gjennomført, ja/nei – evt kommentar   |
|---|---|
| Faste kontaktmøte både på skule og barnehage.               | Ja , styreleiar eller nestleiar har møtt i AU.<br>Anne Sofie Bjelland Kjeka representerer FOS i gruppa som arbeider med ny modell for desentralisert kompetanseutvikling.<br>GLØD: Ragnhild Storebø har representert FOS si barnehagegruppe i dette nettverket. |
| Økonomisk støtte til prosjekt.                              | 3.350.000 til satsinga Inkluderande bhg- og skolemiljø.<br>500.000 til ordning for desentralisert kompetanseutvikling.<br>53.214 etterutdanningsmidlar for tilsette i PPT   |
| Invitera Fylkesmannen til minst eitt møte i Styringsgruppa. | Ja, Kontaktmøte gjennomført 9.2 der alle leiarfora deltok.  |

- Høgskulen Stord/Haugesund (No HVL):

| Tiltak   | Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar   |
|--|---|
| Følgja opp Intensjonsavtalen                   | Nei.  |
| Samarbeid om kurs og utarbeiding av nye tilbod | Ja, «nytt innan symjeopplæring». Kan elles nemnast at barnehagegruppa har hatt fleire møte der HVL sine folk har vore inne, jf. punkt 1.3 ovanfor |
| Deltaking i samarbeidsrådet                    | Vore med i samarbeidsmøte i forkant av konferansen - <i>Framtidsbiletet på arbeidslivet i regionen</i>  |

- Vidaregåande skular:

| Tiltak                                  | Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar |
|---|-------------------------------------|
| Følgja opp samarbeidet om utdanningsval | Nei, ingen aktivitet dette året.    |

- Hordaland Fylkeskommune:

| Tiltak   | Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar   |
|--|---|
| Delta i samarbeid rundt DKS og Utdanningsval/hospitering | Ja , 50000 til båtbyggjarprosjektet (DKS)<br>Hospitering har HFK regien på. |

- Syns og audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT):

| Tiltak                                  | Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar  |
|---|--|
| Representera FOS i styret (styremedlem) | Ja , John Karsten Raunholm er representant for FOS. SAPT deltok i møte med Styringsgruppa i FOS den 9. mars. |

- Statped - avd Vest

| Tiltak                             | Gjennomført, ja/nei – ev. kommentar              |
|------------------------------------|--|
| Nettverk og møte -samarbeidsavtale | Ja, men ikkje gjort avtale om samarbeid vår 2018 |

## 2.0 KURS OG KVALITETSUTVIKLING

### Oversikt:

Det er utarbeidd to rekneark med detaljert informasjon om all kompetanseutvikling som er gjennomført i året som har gått – desse ligg som vedlegg til meldinga.

Kort summert:

### **Barnehage/PPT:**

| Tekst            | Tal | Tal deltagarar | Merknadar             |
|------------------|-----|----------------|-----------------------|
| Fagkurs          | 6   | 593            |                       |
| Lærande nettverk | 4   | 107            | Vera saman og spesped |
| Sum              | 10  | 700            |                       |

Barnehage har i år hatt høgt fokus på implementering av ny rammeplan. *Vera saman* har hatt 2 nettverkssamlingar. Spespednettverket for barnehage har også gjennomført 2 samlingar. BUP Stord har vore ein viktig samarbeidspartner i spespednettverket – stor takk til dei og deira kompetanse.

### **Skule/PPT/VO/K**

| Tekst            | Tal | Tal deltagarar | Merknadar                  |
|------------------|-----|----------------|----------------------------|
| Fagkurs          | 21  | 1021           |                            |
| Lærande nettverk | 3   | 49             | ASK-nettverk, SFO-nettverk |
| Sum              | 24  | 1070           |                            |

ASK-nettverket avslutta våren 2018.

FOS-nettverket hadde si første samling 24.05. Satsar på 2 samlingar i året framover.

### **Leiarkonferansen**

| Tekst                            | Tal | Tal deltagarar | Merknadar   |
|----------------------------------|-----|----------------|---|
| Leiarkonferansen 12.-13. februar | 1   | 156            | Leiarkonferansen – 2 dagar ligg inne i tala – Alle målgrupper |

Kursdeltakarar fordelt på kommunane:

| Kommune    | Tal barnehage | Tal skule | Tal PPT | Tal VO | Tal kulturskule | Sum |
|------------|---------------|-----------|---------|--------|-----------------|-----|
| Bømlo      | 170           | 190       | 12      | 2      | 17              | 391 |
| Etne       | 53            | 65        | 0       | 0      | 5               | 123 |
| Fitjar     | 63            | 32        | 0       | 0      | 9               | 104 |
| Kvinnherad | 206           | 131       | 5       | 5      | 30              | 377 |
| Stord      | 111           | 208       | 25      | 9      | 28              | 381 |
| Sveio      | 90            | 273       | 9       | 11     | 11              | 394 |

Vurdering:

Tal deltakarar samla viser 1770 – mot 2603 i fjar – ein reduksjon på 833 deltakarar. Hovudgrunnen til nedgangen er at kommunane sjølv sto for mykje av organiseringa den første fagdagen, 27.10.17.

I statistikken er berre kurset i Sveio (S109) og 35 deltakarar frå kurset på Bømlo (A29) teke med.

Fire kurs vart avlyst (Bhg68, Bhg65, S114 og S113)

Kursa våre får elles jamt over veldig gode tilbakemeldingar. I tillegg til dei ovanfor nemnde kursa, har regionen mange deltakarar inne på dei statlege vilkåra – *kompetanse for kvalitet*.

Sveio , 23.06.2018

Bjørn T. Enerstvedt  
Dagleg leiar FOS

